



Alver kommune  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Vår dato:

22.03.2022

Vår ref:

2022/3477

Dykkar dato:

01.03.2022

Dykkar ref:

Saksbehandlar, innvalstelefon

Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

## Uttale - Alver - 43/5 - Natås - oppretting bustadtomt - dispensasjon

Vi viser til brev frå kommunen mottatt her 01.03.22. Saka gjeld søknad om deling og dispensasjon frå arealdeleplan for Lindås (KDP) for oppretting av ny bustadtomt rundt gamalt våningshus inklusiv garasje. I 1983 vart det bygd nytt våningshus på eigedomen.

Gnr. 170 bnr. 3 er registrert med eit areal på omlag 164 daa i matrikkelen. Det vert søkt om oppretting av tomt på omlag 1400m<sup>2</sup>.

### Statsforvaltaren si vurdering

Kommunen kan berre dispensere dersom omsynet bak føresegna det vert dispensesert ifrå, omsyn til plan- og bygningslova sine formål eller nasjonale eller regionale interesser, ikkje vert vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene, jf. plan- og bygningslova (tbl.) § 19-2 andre ledd.

Ei frådeling til bustadføremål inneber at tomta vil vere fritt omsetteleg, og eigartilhøva vil over tid ofte vere skiftande. Det er problematisk å tillate ein fritt omsetteleg bustad i eit landbruksområde. Det er ikkje slik at bustadbygging berre påverkar sjølve tomtearealet. Bustadbygging medfører ei viss bandlegging på nærliggande landbruk, grunna konfliktpotensiale rundt støy og lukt frå landbruket. I denne saka vil omsøkt areal ligge i nærliken av driftsbygninga og tett opptil dyrka mark. Dette kan føre til driftsulemper i eit langtidsperspektiv. Ein omlegging av tilkomstvegen slik at den går nærmare huset, og ein mindre tomt, kan skaffe ein buffer mot driftsbygninga. Dette kan kanskje avdempe driftsulemper i framtida. Kommunen må vurdere, og leggje vekt på, moglege driftsulemper i si vurdering av dispensasjonen. Det må også gjerast ei vurdering av om bustaden kan vere ei ressurs for bruket.

Eit mindre området klassifisert som fulldyrka areal vert omdisponert til bustadformål. Vi viser til at det er eit nasjonalt mål og omdisponere så lite dyrka mark som mogleg.

Vi viser også til at vi dei siste åra har mottatt mange tilsvarande dispensasjoner i Alver kommune (og tidlegare Lindås kommune). Vi meiner difor at faren for å undergrave kommuneplanen som



styringsverktøy er stor i desse sakene. Det er difor viktig at kommunen vurderer korleis ein dispensasjon i saka vil påverke liknande saker i kommunen.

Statsforvaltaren ber om å få eit eventuelt positivt vedtak til klagevurdering

Med helsing

Egil Hauge  
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:  
Vestland fylkeskommune Postboks 7900 5020 BERGEN